

AVISHEFTET MITT



NYNORSK



MEDIEBEDRIFTENE

AVIS I
SKOLEN

KVA ER EI AVIS?

Aviser gir deg nyheiter om viktige ting som har skjedd, eller skal skje, til dømes om det har vore eit ran eller om nokon planlegg å stenge skulen din. I avisa kan du også lese om forskjellige tema, for eksempel musikk eller kjæledyr.

For nokre år sidan var det lettare å skildre ei avis. Då kom avisa i postkassen eller på dørmatta og var trykt på papir. No er avisene både på nett og på papir. Mange aviser deler også sakene sine i **sosiale medium**.

Både aviser og sosiale medium når ut til mange menneske på ein gong. Men kva er då skilnaden på aviser og sosiale medium? Det vil du vite når du er ferdig med dette heftet.

- **Riksaviser** handlar om saker som kan vere interessante for folk frå heile landet. VG er ei riksavis.

? OPPGÅVE

Skriv namnet på ei anna riksavis:

.....
.....

- **Regionaviser** er for folk frå ein del av landet, til dømes eit fylke. Bergens Tidende er regionavis for Vestlandet. Denne avisa handlar mest om det som skjer i Bergen og på Vestlandet, men også om viktige ting i resten av Noreg og i andre land.

? OPPGÅVE

Kva heiter regionavisa i ditt område?

.....
.....
.....

Lokalaviser er for folk som bur på same stad. Andøyposten er ei lokalavis. Den handlar berre om det som skjer i Andøy-området.

? OPPGÅVE

Kva heiter lokalavisa i ditt område?

.....
.....

Kva område dekker ho?

.....
.....
.....



Sosiale medium: Nettsamfunn som YouTube, Snapchat, Instagram og Facebook. I sosiale medium kan alle brukarane lage og dele innhald. I ei avis har redaktøren ansvar for innhaldet, medan sosiale medium vanlegvis ikkje har nokon redaktør. På side 13 kan du lese meir om kven redaktøren er.

Abonnement: Når du har betalt på førehand for å få ei avis i ein lengre periode. Med abonnement på ei papiravis får du avisa levert heim. Med digitalt abonnement får du lese alle avisa sine artiklar på nett.

Laussal: Sal av ei enkelt avis.



Avisene treng **inntekter** for å betale løn til dei tilsette og lage avisa. Inntektene kjem frå annonsar, **abonnement** og **laussal** av aviser. I tillegg får mange norske aviser pengestøtte frå staten fordi:

- Avisene har ei viktig rolle i **demokratiet**.
- Avisene skal **informere** om viktige saker.
- Avisene skal stille **kritiske spørsmål** om det som skjer.
- Avisene skal vere **vaktbikkje** og passe på at dei som har makt ikkje misbruker makta si.
- Avisene skal passe på at folk med **ulike meiningar** blir høyrde.

? OPPGÅVE: KVA KOSTAR AVISA?

1 Kva typar abonnement har di lokalavis?

.....

.....

.....

2 Kva kostar dei ulike typane abonnement?

.....

.....

.....

3 Kva blir prisen for eit heilt år om du kjøper den same papiravisa i laussal kvar dag?

.....

.....

.....

.....



Visste du at ... Noreg fekk si første avis for meir enn 250 år sidan. Avisa heitte Norske Intelligenz-Seddeler og kom ut for første gong i 1763.




AVISER HJELPER DEG Å DELTA I SAMFUNNET

Ver nysgjerrig!

Har du ein ekstra engasjert lærar på skulen din? Ein som veit masse om det som skjer rundt oss og har gode forklaringar på det meste? Då er det kanskje denne læraren du går til med dei viktige spørsmåla, som:

- Er skulevegen farleg?
- Når får vi ny idrettshall?
- Kvifor blei Donald Trump president i USA?
- Korleis vil vi merke klimaendringane?



Aviser kan svare på mange av dei same spørsmåla. Når du fylgjer med i media, får du oversikt over det som skjer rundt deg. Det blir lettare å forstå samfunnet, og det blir lettare å meine noko om det som skjer.

Finn ut korleis du kan delta!

Når du har oversikt over samfunnet rundt deg, blir det lettare å delta sjølv. Du får noko å snakke med venner og familie om, du får vite kva aktivitetar du kan vere med på, og du forstår korleis du sjølv kan bli høyrte når du har sterke meiningar.

Debatt

Har du opplevd å meine noko så sterkt at du har lyst til å rope det ut? Helst så høgt at fleire enn venner og familie høyrer deg? Ein måte å bli høyrte på er å skrive lesarinnlegg i avisa.

? OPPGÅVE: SKRIV LESARINNLEGG

Kva brenn du for? Skriv eit lesarinnlegg. Få med dette når du skriv:

- Kva handlar det om?
- Kva er problemet?
- Korleis kan problemet løysast? Eller: Kva er konklusjonen din?


Undersøk korleis du kan sende lesarinnlegget ditt til ei avis, og send det inn!

Er du usikker på kva du skal skrive om? Diskuter i grupper: Kva ville de ha endra om de kunne bestemme?

De kan til dømes snakke om:

- Aktuelle saker i nyheitene
- Eigen kvardag
- Saker i elevrådet
- Mobbing
- Urettferd
- Sport og fritid
- Skulen

Lag eit tankekart:



Flyktningar i Nes

I desse tider er det mange flyktningar på flukt. Skal vi ta imot flyktningane eller skal vi ikkje? Blir det ein suksess eller fiasko viss vi tar imot dei?

Mange kan få eit betre liv fordi det er tryggare å bu i Nes enn f.eks. Syria. Dei kan få ein ny stad å bu fordi dei fleste flyktningar ikkje har det bra der dei bur. Dei kan få gå på skule fordi det er ikkje sikkert at dei går på skule. Dei kan få seg jobb fordi det er ikkje så mange jobbar der. Dei og vi kan få nye venner fordi det har komme fleire folk til Nes. Dei kan gå på fritidsaktivitetar fordi det kan hende at det ikkje er fritidsaktivitetar der. Vi kan lære om livet, kulturen og språket deira fordi det er ikkje så mange i Nes som kan noko om f.eks. syrisk kultur.

Det kostar pengar å bygge, skaffe og kjøpe hus og det kan hende at ikkje flyktningane har råd til det. Det kan vere vanskeleg å få undervisning i språket fordi det ikkje er så mange i Nes som kan f.eks. arabisk. Nokre kan vere redde for at det kjem terroristar til Nes fordi ein ikkje veit om det er ein terrorist eller ikkje. Eg meiner at vi skal ta imot

flyktningar i Nes fordi eg synest synd på dei som ikkje har det bra. Derfor meiner eg at vi skal ta imot flyktningar og gje dei ein god stad å bu.

Mathias Scharning Lundberg
5. klasse, Skogbygda skole

(Innlegget er omsett frå bokmål)



Mathias Scharning Lundberg og Selma Kristine Ulstad Bang vann lesarbrevkonkurransen i lokalavisa Raumnes. Premien var mellom anna ein tur til Stortinget saman med redaktør Fred C. Gjestad. Foto: Lisbet Bekkeli Amundsen

? OPPGÅVE

- 1 Leit gjennom avisa di, og finn ei sak som du synest er viktig.
- 2 Kva handlar saka om? Noter stikkord i kladdeboka di.
- 3 Kvifor har avisa vald å lage denne saka? Noter stikkord i kladdeboka di.

- 4 Gå saman to eller tre i grupper og fortel kvarande om sakene de har valt. Bruk stikkorda de har notert.

? OPPGÅVE: LAG EI TEIKNESERIESTRIFE

Tekstane i teikneserieboblene er korte. Det er vanleg å overdrive for at poenget skal bli tydeleg og morosamt. Finn ein morosam teikneserie i avisa di, eller lag di eiga teikneseriestripe i boksen under. Skriv namnet på teikneserien her:

.....

KVA INNEHELD EI AVIS?

Når journalisten skal lage ei sak, må ho velje sjanger. Dei vanlegaste sjanrane er:

Nyheitsartikkel

Nyheitsartikkelen fortel om noko som er nytt og viktig. Når journalisten samlar inn stoff og skriv nyheitsartikkelen, kan ho bruke dei seks spørjeorda: *Kven, kva, kvar, når, korleis og kvifor*.

? OPPGÅVE

Fin ein nyheitsartikkel og svar på desse spørsmåla:
Namnet på avisa:

.....
.....

Tittelen på artikkelen:

.....

1 **Kva** skjedde det?

.....
.....

2 **Kven** skjedde det med?

.....

3 **Kvar** skjedde det?

.....

4 **Når** skjedde det?

.....
.....

5 **Kvifor** skjedde det?

.....
.....

.....

6 **Korleis** skjedde det?

.....

? OPPGÅVE: FLEIP ELLER FAKTA

Skriv to titlar. Den eine vel du frå ei avis (på nett eller papir), den andre finn du på sjølv. Les titlane høgt i klassen. Klarar dei andre å gjette kva for ein tittel som er ekte?

.....

.....

.....

Reportasje

Journalisten kan ofte bruke internett eller telefon for å få svar på spørsmåla til nyheitsartikkelen. Men nokon gongar reiser journalisten ut for å gjere eigne undersøkingar. Då kan ho lage ein reportasje. I reportasjen kan ho beskrive det ho ser og høyrer. Reportasjen er vanlegvis større og kan ha fleire bilde enn ein nyheitsartikkel. Ein reportasje kan handle om noko som har skjedd, for eksempel ei fotballturnering. Reportasjen kan også handle om eit tema, til dømes smartklokker.

? OPPGÅVE

Finn eit døme på ein reportasje. Likar du denne reportasjen? Kvifor/kvifor ikkje?

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Kommentar

Ein kommentar er ein artikkel som kan forklare og utdjupe eit tema. I vanlege nyheitssaker skal journalistane prøve å få fram fleire sider av ei sak, men han eller ho som skriv ein kommentar kan bruke kommentaren til å fortelje kva han sjølv meiner. Kommenterarar kan vere skrivne av ein av dei tilsette i avisa, men også av andre som kjenner temaet godt.

Melding

Ei melding er ei skildring og vurdering av ei bok, ein film, ei utstilling eller eit arrangement.

Notis

Ein notis er ei kort nyheitsmelding.

Enquete

(Fransk, vert uttala anke 't) Korte intervju med same, helst aktuelle, spørsmål til fleire. Gjerne med bilde. «Fem på gata» er ein form for enquete.

OPPGÅVE: BLI KJENT I AVISA

Gå saman i grupper og vel ei avis.

1 Namnet på avisa:

.....

2 Kor gamal er avisa?

3 Kva heiter redaktøren?

.....

4 Korleis kan de kontakte avisa med gode tips?

.....

.....

.....

.....

.....

.....

5 Kva område skriv avisa for?

.....

.....

6 I media er det mange ulike stoffområde, for eksempel sport, lokale nyheiter, utanriks og kultur. Skriv tittelen på ei sak innan kvart av desse stoffområda.

Sport:


Lokale nyheiter:

Utanriks:

Kultur:

Bli underholden!

Du kan hyggje deg med avisa. Kanskje du synest det er spennande å fylgje med på nyheitene? Om du er sportsinteressert, kan du kose deg med sporten. Eller kanskje du elsker å finne ut kva kjendisane driv med?



BILDE OG ILLUSTRASJONAR

Bilde og illustrasjonar er viktige verktøy for å formidle nyheitene på ein god måte.

Dokumentarisk bilde: Fotografen var til stades på ei hending og tok eit bilde som viser kva saka handlar om. Bildet viser ein augeblink av røynda. Sportsbilde er ofte slike augeblinksbilde. Dei kan vise den augeblinken fotballen går i mål, eller den augeblinken nokon spring over målstreken på 100-meteren. Bilde av natur, gjenstandar eller bygningar kan også vere dokumentariske.



Redningsskøyta Kaptein Skaugen berga ein båt og tre skipbrotne menneske ved Risvær i Lofoten. Foto: Redningsselskapet/Scanpix

Arrangert bilde: Fotografen har bede nokon stille opp på ein bestemt måte, eller flytta på ting for å få eit best mogleg bilde.




Foto: Colourbox.com

Illustrasjonsbilde: Eit bilde som viser eit eksempel på kva saka handlar om. Eit gammalt bilde kan også brukast som illustrasjonsbilde.



Handjern som blir sett på hendene til ein person. Foto: Gorm Kallestad/NTB Scanpix

Grafikk: Media bruker ofte grafikk for å illustrere eller forklare noko. Grafikk kan bestå av teikning, figurar, linjer, diagram, foto og tekst. Grafikkar blir ofte laga i dataprogram.



Å endre på bilde

Om du arrangerer eit bilde, flyttar du på ting før du tek bildet. Du kan også flytte på ting etter at du har teke bildet, i eit redigeringsprogram. Dette kallar vi fotomanipulasjon eller fotofikling. Det kan bety å fjerne noko frå eit bilde eller sette saman fleire bilde.

Reklamebilde er ofte manipulerte for å få ting til å sjå finare ut. Det er ikkje lov å endre på *dokumentariske bilde* i avisene. Det ville vere å lyge om røynda.

Om eit *illustrasjonsbilde* er endra på, skal det stå i bildeteksten.

Avisteikning

Mange aviser har teikningar som kan vere kritiske, ironiske eller morosame kommentarar om ei aktuell nyheit. Nokre aviser teiknar portrett av personar dei har intervjuja. Teiknaren kan overdrive for å få fram eit morosamt poeng.

? OPPGÅVE

Gå saman i grupper og finn fram ei avis. Noter stikkord på eit ark.

1 Finn eit bilde som viser menneske. Er bildet arrangert (oppstilt), eller viser det ein naturleg situasjon?

2 Fortel bildet ei historie?

3 Trur de at menneska på bildet har gitt tillating til å bruke bildet?

4 Sjå om de kan finne ei teikning i avisa. Kva prøver teikninga å fortelje?

5 Lag ein presentasjon om bildet eller teikninga, og presenter for klassen.

Visste du at ... det er forbode å bruke eit bilde som ein annan har tatt, om ikkje fotografen har gitt deg lov?

Visste du at ... det er forbode å bruke eit bilde av ein person før personen har sagt at det er greitt? Unntaket er dersom bildet viser ei aktuell nyheit eller om personen ikkje er det viktigaste i bildet.



Teikninga av Christian Bloom har stått på trykk i VG. Ser du kven som er på teikninga? Kva er det teiknaren vil fortelje her?

ANNONSAR

Annonsar prøver å påverke deg. Dei er betalt av nokon som vil at du skal kjøpe noko, delta på noko eller gjere noko spesielt. Annonsar kan gje deg nyttig informasjon, men dei kan også påverke deg til å bruke pengar på noko du eigentleg ikkje treng.

OPPGÅVE: LAG ØNSKELISTE

Skriv tre ting du ønskjer deg.

.....

.....

.....

Har du sett reklame for nokon av desse tinga?

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Korleis kan reklamen ha påverka deg?

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

OPPGÅVE: LAG HANDLELISTE

Finn ein annonse for ein daglegvareforretning. Du har 400 kroner å handle for. Lag ei handleliste over kva varer du vil kjøpe for desse pengane.

.....

.....


.....

.....

.....


.....

.....



- UNNGÅ -
Dropp

Takk for at dere bruker alle dørene.
Vi reiser sammen. Ta toget.



AIDA - ein vellukka annonse

Gjennom ord, bilde, teikningar og fargar vil annonsøren påverke oss med reklamen sin. Ein god reklame kan lagast ut frå fire stikkord →

? OPPGÅVE: AIDA

Gå saman i grupper.

- 1 Vel ein annonse frå papiravisa eller nettavisa.
- 2 Diskuter: Kvifor synest de at annonsen er godt eller dårleg laga? Bruk AIDA.
 - Kva i annonsen tiltrekkjer seg merksemd (A)?
 - Kva i annonsen skal få deg interessert (I)?
 - Kva i annonsen skal få det til å ønskje vara (D)?
 - Kva i annonsen skal få deg til å handle (A)?
- 3 Førebu ein presentasjon om annonsen. Presenter for klassen.

A: Attention: Få merksemd slik at vi stoppar og les annonsen.

I: Interest: Få oss interesserte i vara.

D: Desire: Få oss til å ønskje vara.

A: Action: Få oss til å handle.

? GRUPPEOPPGÅVE: LAG EIN REKLAMEANNONSE

Vel sjølv kva de vil reklamere for. Tenk dykk at de skal få klassekameratane dykkar interesserte i vara. Lag ein videoreklame eller annonse til papiravisa.

Visste du at ... det er ulovleg å bruke reklame til å oppmode barn til å kjøpe noko. Det er altså ulovleg å skrive «gå ut og kjøp boka» i ein annonse for ei barnebok.



KVAR HAR DU DET FRÅ?

Journalistikk handlar om sanninga. Journalisten er ein slags detektiv som må spørje og grave for å finne svar. Nokre gongar prøver folk å skjule sanninga. Då må journalisten snakke med fleire og stille kritiske spørsmål for å prøve å finne ut kva som er sant.

Redaktøren er ansvarleg for at det som står i avisa er riktig. Både journalisten og redaktøren kan bli straffa om avisa trykker ein alvorleg feil. Likevel hender det at noko blir feil. Når du les avisa, kan du stille nokre kritiske spørsmål for å finne ut om du kan stole på det du les:

- Gir journalisten deg svar på kven, kva, kvar, når, korleis og kvifor?
- Kvar har journalisten fått informasjonen frå?
- Handlar nyheita om ein konflikt? Viss ja, kjem fleire sider av saka fram?

Du kan også søke på internett og sjekke kva andre medium fortel om den same saka. Då er du ein kritisk lesar!

Falske nyheiter

Når du finn informasjon på internett, bør du vere ekstra kritisk. På internett kan alle dele informasjon. Ikkje alt som står på internett er sant. Nokre gongar kan falsk informasjon sjå ut som ekte nyheiter. Når noko verkar for godt eller utruleg til å vere sant, bør du bli mistenksam.

OPPGÅVE: VER DETEKTIV

Finn ein tekst på internett. Prøv å finne svar på desse spørsmåla:

1 Kvar fann du teksten?

.....

.....

2 Kven har skrive teksten? Ein journalist, ei bedrift, ein politikar, ein privatperson ..?

.....

.....

3 Kvifor har dei skrive denne teksten?

- Vil dei få deg til å gjere eller meine noko spesielt?
- Vil dei tene pengar?
- Vil dei informere deg om noko?
- Vil dei underhalde deg?
- Anna?

.....

.....

.....

4 Er teksten truverdig? Kvifor/Kvifor ikkje?

.....

.....

.....

Iblant er det vanskeleg å finne svar på desse spørsmåla. Kan du då stole på at teksten er riktig?

Er det greitt?

Nokon kallar ting dei er ueinige i eller ting dei ikkje likar for falske nyheiter. Synest du det er greitt?

Falske nyheiter: Falske nyheiter er løgner som gjev seg ut for å vere nyheiter. Dei er som regel dikta opp av nokon som vil øydelegge for andre eller tene pengar. Viss mange lar seg lure av falske nyheiter, kan det få alvorlege konsekvensar. Det kan påverke valresultat og i verste fall føre til krise eller krig.

Mange vert lurt av falske nyheiter. Døme på falske nyheiter:

- Paven støtta Donald Trump i den amerikanske valkampen

- Muslimar angreip eit juletre i Sverige

- Ein ekkel edderkopp kom ut av øyret på ein mann (mannen hadde laga ein juksevideo)

På nettstaden faktisk.no kan du sjå fleire døme på falske nyheiter.



MED JOURNALISTEN PÅ JOBB

Journalistar kan vere mykje ute og møte menneske. Det synest journalistane i BT Junior er det aller beste med jobben sin.

På Laksevåg i Bergen held ein gjeng buekorpsgutane på å byggje det høgaste sankthansbålet i byen. Snart er det 20 meter høgt.

På bakken står Reidun og filmar med mobilen. Reidun er journalist i BT Junior og skal lage ei sak om bygging av bålet. Aller helst skulle ho vore i toppen og filma utsikten, men det får heller ein av gutane gjere.

- Eg tør ikkje å klatre opp dit! seier ho.

Reidun spør gutane om dei har lyst til å bli intervjuet, og om dei kan ringje foreldra sine for å få lov. Så filmar og intervjuar ho nokre av gutane framfor bålet. Ho stiller mange spørsmål. Kor lenge har dei jobba med bålet? Kvifor gjer dei det? Korleis byggjer dei bålet?

Ein nysgjerrig journalist

Nokre gongar lagar Reidun video. Andre gongar skriv og fotograferer ho. Av og til har ho med seg ein fotograf på jobb. Då er det fotografen som filmar og tek bilde, og journalisten som skriv.

Reidun likar best å vere der ting skjer. Journalistar bruker telefon og e-post mykje når dei intervjuar folk, men Reidun reiser helst ut og møter dei ho skal intervjuet.

- Det er så kjekt å vere ute og treffe folk! Det er det beste med å vere journalist, seier ho.

Ein journalist bør vere nysgjerrig og oppteken av samfunnet ho bur i. Då er det lettare å finne interessante historier til avisa.

Journalistane får også tips om saker og arrangement som dei kan skrive om. Enkelte dagar skjer det mykje samtidig. Då må dei prioritere, og noko må veljast bort.

Før Reidun drog ut for å møte buekorpsgutane, jobba ho med ei sak om spinnarar. Ho hadde sett at mange barn var opptekne av spinnarar og ville finne ut kvifor.


Redaktøren har ansvaret

Journalisten må ofte jobbe med fleire ulike saker same dag. Nokre nyheitssaker kan **publiserast** kjapt. Andre gongar må journalisten jobbe mykje med ei sak for å gjere det vanskelege forståeleg.

Av og til skriv journalistane i BT Junior om vanskelege tema. Dei har til dømes hatt fleire saker om spiseforstyrningar. Fordi dette er så alvorleg, er det viktig at dei som vert intervjuet forstår kva dei stiller opp på. Journalistane vel gjerne å intervjuet nokon som er litt eldre enn lesarane av BT Junior, men som var sjuke då dei var på same alder som lesarane. Nokon som veit korleis det er, men som kanskje er friske no.

Når journalistane jobbar med vanskelege saker, kan dei be redaktøren om råd. Det er redaktøren som er ansvarleg for innhaldet i avisa.

Publisere: Å gje ut noko, så det vert tilgjengeleg for mange menneske. Til dømes å gje ut ei bok, å trykke ei papiravis, eller å dele eit bilde eller ein blogg på internett.



JOURNALIST: Journalisten sin jobb er å samle informasjon og formidle informasjonen vidare til publikum. Journalisten kan samle informasjon frå skriftlege kjelder, ved å intervjuet folk og gjennom å observere noko.

REDAKTØR: Alle aviser må ha ein redaktør. Redaktøren er sjefen i redaksjonen og bestemmer kva som skal publiserast. Redaktøren er ansvarleg for at alt innhaldet i avisa er riktig og lovleg.



PRESSA SKAL VISE OMSYN

Det er mange som les avisa. Dersom det står noko stygt om nokon i avisa, kan det vere vondt for den det gjeld. Avisene skal ikkje påføre menneske unødig lidning. Vi kallar det god presseskikk.

Pressa har ei eiga liste med etiske reglar. Desse er skildra i Ver Varsam-plakaten. Den finn du på presse.no. Der står det mellom anna at journalistar ikkje skal misbruke andre sine kjensler, at dei skal respektere menneske sine privatliv og at dei skal vise særleg omsyn når dei skriv om barn.

Redaktøren skal passe på at redaksjonen følgjer reglane i Ver Varsam-plakaten.

Tenk deg om ... På same måte som pressa skal ha god presseskikk, kan alle ha god folkeskikk. Dersom du har god folkeskikk, behandlar du alle med respekt. Dette er spesielt viktig når du deler noko på internett. Det kan vere vanskeleg å trekke tilbake noko du har skrive på internett, og mange kan lese det du har skrive.



Dilemma: Viss du var redaktør ...

Kva vel du? Vel ei av pilene for kvart spørsmål. Start her.

Du har fått jobb som redaktør i lokalavisa. Journalisten Marita kjem og fortel at ho har høyrte rykte om at ein 12 år gamal gut vart så mykje mobba at han har slutta på skulen. Kva seier du til journalisten?

Det høyrst alvorleg ut! Lag ei sak til nettavisa.

Marita skriv ei nyheits sak om det ho har høyrte: at ein 12 år gamal gut slutta på Bakken skule fordi han blei mobba. Marita legg saka ut i nettavisa. Ein time seinare ringjer rektor på Bakken skule til deg. Rektor er sint og seier at de ikkje kan skrive ei så alvorleg sak basert på eit rykte. Det er dårleg presseskikk, seier rektor.

Du veit at rektor har rett, og vel å fjerne saka frå nettavisa. (Begynn på nytt)

Marita fortel at ho høyrte ryktet frå ei venninne som har barn på Bakken skule. Kva seier du?


Dra til skulen og snakk med rektor.

Marita kjem tilbake frå skulen. Rektor har fortalt at det var ein gut som vart mobba ein kort periode. Skulen hadde gjort mykje for å hjelpe guten, men guten slutta likevel på skulen. Kva seier du?

Finn ut kven guten er og snakk med han og foreldra hans.

Jaså, kvar har du det frå?

Interessant. Skriv ei nyheits sak om dette til nettavisa.



Etterpå: Diskuter i klassen

1. Kor mange ville bruke namn og bilde? Kvifor/kvifor ikkje?
2. Synest de at journalisten skal skrive namnet på skulen? Kvifor/kvifor ikkje?
3. Dei som les saka bør ikkje forstå kven

mobbarane er. Kvifor ikkje?

4. Kvifor kan ikkje media lage saker basert på rykte?
5. Når media lagar saker om mobbing, bør dei helst prøve å skrive om generelle problem med mobbing, og ikkje så mykje om ei konkret mobbesak. Kvifor?

Kva ville norsk presse gjort?

Denne typen saker er vanskelege, og media må vurdere kvar enkelt sak. Media skal verne barn og ikkje skrive noko som kan skade barn. Difor må journalisten passe seg for å røpe kven som har blitt mobba – og kven som har vore så dumme å mobbe nokon. Media skal forsikre seg om at dei fortel sanninga. Derfor kan dei ikkje skrive noko basert på eit rykte. Journalisten må intervju dei saka handlar om.

PRØV DEG SOM JOURNALIST

Det er på tide å prøve seg som journalist. Tenk deg at du skal skrive for elevane på skulen din. Kanskje klassen kan lage skuleavis?

Redaksjonsmøte

Når du skal skrive ein avisartikkel, må du først ha ein idé. Det er lettast å finne fram til gode idear saman med andre. Derfor kan de begynne med å ha eit redaksjonsmøte: Gå saman to eller tre i grupper, finn fram til nokre gode idear og planlegg korleis de kan lage avis.

1 Tema: Noter ned stikkord om tema som du synest er interessante.

Eksempel på tema:

- Musikk
- Elevrådet
- Aktivitetsdagen
- Symjing
- Skulegarden
- ...

2 Idé: Når du har valt eit tema, kan du prøve å tenkje som ein detektiv eller ein nysgjerrigper. Er det noko du synest er rart, mystisk eller spennande? Har du høyrte noko som andre også bør få vite om? Er det noko du lurar på? Diskuter i grupper.

Lag tankekart med ulike idear eller spørsmål knytt til kvart tema. Vel éin av desse ideane som du ønskjer å jobbe vidare med.

Om de skal lage avis, kan det no vere lurt å samle alle ideane i klassen. Sjekk at alle jobbar med ulike idear, så det ikkje vert mange like saker i avisa.



3 Legg ein plan: Planlegg korleis du kan gå fram for å få svar på spørsmålet ditt. Kven kan vite noko om dette? Kan du finne svar på skulen, eller må du ringje eller skrive til nokon utanfor skulen? Kan du finne svar på internet?

Planlegg også korleis du kan illustrere saka di med bilde eller video. Dette kan du også ta med i tankekartet.

Ut på oppdrag

No skal de ut på oppdrag for å finne svara de treng for å lage ei sak. De kan gjerne halde fram med å jobbe to eller tre saman.

Intervjuet

Kven? Kva? Kvar? Når? Korleis? Kvifor?

- **Førebu:** Når de intervjuar nokon, er svaret avhengig av korleis de spør. Derfor er det viktig å førebu seg godt. Skriv ned spørsmål på førehand.

- **Noter:** Ta med notatblokk når de skal gjere intervjuet. Det er lurt å notere svara de får undervegs, så de hugsar kva som vert sagt. Hugs også å notere ned namnet på den de intervjuar!
- **Fotografer:** Hugs at saka vert best med illustrasjon, så ta med kamera når de skal intervju nokon. Eller kanskje de kan lage ei teikning?
- **Ver høfleg:** Ver høfleg når de skal intervju nokon. Sei kven de er og kva de skal bruke opplysningane til.
- **Spør igjen:** Ikkje ver redd for å stille dumme spørsmål. Det som er dumt er å sitje att med uklare svar. Spør fleire gongar om de ikkje forstår.
- **Samarbeid:** Del på oppgåvene. Viss de er tre på gruppa, kan éin stille spørsmål, éin kan notere og éin kan lytte og stille ekstra spørsmål om nødvendig.



Anton Ohrberg-Rolfstrud (10) hadde notatblokk med då han fekk intervju fleire lokalpolitikarar for Drammens Tidende.

Gjere ferdig saka

Når de har fått den informasjonen de treng, er det på tide å lage ferdig saka. Dersom de har fått mykje informasjon må de velje ut det mest interessante eller morosamaste de har funne ut.

Skriv ein kort artikkel. Skriv på data eller her.

Tittel: (Skal fange merksemda og fortelje noko viktig om kva saka handlar om.)

Ingress: (Fortel det viktigaste om saka. Skal gje folk lyst til å lese vidare.)

Ingress: Innleiing som fortel det viktigaste om saka.

Byline: Fortel kven som har skrivne artikkelen og teke bildet.

Brødtekst: Hovudteksten. Ofte kjem det viktigaste først.

Mellomtittel: Deler opp artikkelen så han blir lettare å lese, og seier noko om kva som kjem i neste avsnitt.

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Brødtekst: (Fortel meir om saka. Ofte kjem det viktigaste først.)

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

- Jeg er vant til å skade meg



SKADER: 1.500 Norway Cup-spillere er innom felyskeshuset på en uke. Men de har sluppet unna alvorlige skader.

EMILIE GANST
XURGI PANU (FOTO)

15 år gamle Tonje Drevsen har nettopp andremåle. Skadehuset til Norsk Folkeløp på Norway Cup. Hun spiller for Tromsø-klubben Ulfstad, og dette er første gang hun er inn på laseringen.

Fotens har gått på haken siden i går, da 65en ble vundet etter en kamp.

- Jeg merket det med da jeg våknet i dag. Jeg snudde meg og det kom til å gå over, sier hun. - Å skulle få laser er faktisk i går var utrolig for 15-åringen.

- Nei, jeg er vant med å skade meg, sier Drevsen.

Den verste skaden Ulfstad-spilleren har pådratt seg i spill, var kneskade.

- Ved minner dette viser seg i varer noe alvorlig da, tilføyer Drevsen.

- Under normalen
Og hun er langt fra den eneste som er innom Drevsen uke.

- Gjennomsnittet på en uke ligger på 1.500 skader. Det er jo ikke mye med tanke på at det er 30.000 spillere, sier Kristiane Nørvik, leder på felyskeshuset.

Hun er så langt utgjennomsnittet i mot med fersk statistikk.

- Vi legger til under normalen på en uke skade, så det er bra, men samtidig er det flere brudd på en uke.

Hun kan likevel avsløre at den vanligste skaden til at folk kommer innom, er gnagsår.

Sykkelhendene eller derfor gjerne alle beste tips til folk som vil slippe å ta i løren til ferske løperne.

- Ikke kjøp nye sykkelhåndtakene du skal bruke. Mange gjer faktisk det, ferdigvare vil gå over på den ene eller den andre siden på Norway Cup. Men da er du på Norway Cup. Men da er

da nesten garantert å få vært med i Norsk Folkeløp gnagsår, sier Nørvik.

Ferske veterener
Hun har vært med i mange år.

En venninne fikk meg med som frivillig da jeg var 11. Dette er mitt første år som frivillig.

Hennes kollega, Helge Barland F23, er også en beboveteran på Norway Cup. Han er sponsor ambassadør og på vaskeriphoten.

Språk ligen hending
Barland synes heller ikke de alle utspillete bryr seg på Norway Cup.

Spekk har vi aldri opplevd som et problem. Vi legar og gnostikatore og prat. Vondt er vondt, uansett språk.

De frivillige er nok på helike mangelletter som skade seg med.

- Det er flott å ha Men den er helt digt vi alle brukt, sier hun.

Det feres vi ikke statistikk på. Det er vel nok nokan hane som er velt. I tillegg har vi nokan som er velt. I tillegg har vi nokan som er velt. I tillegg har vi nokan som er velt.

Det vi felyskeshuset har med et magagjen, avlatter han med gitt et løyrt.

CHAMPIONER Skidslan har fått kontroll etter at de som frivillig på felyskeshuset.

www.norwaycup.no

Tittel: Skal fange merksemda og fortelje noko viktig om saka.

Foto: Fangar merksemda, samtidig som det fortel meir om nyheita.

Billettekst: Fortel kven og kva du ser på bildet.

E-post: Kontaktinformasjon som gjer det lett for lesarane å kome med nye tips eller spørsmål til journalisten.

faksimile, Dagsavisen 3.8.17

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Lage avis?

Om de skal lage avis, må de ha ein redaktør.

Redaktøren sin jobb:

- Samle alle sakene.
- Sjekke at alle journalistane har fylgt god presseskikk.
- Stille kontrollspørsmål: Har journalistane funne svar på det dei lurte på? Har dei teke bilde eller video?
- Ha oversikt over at journalistane lagar ulike saker.

Kan de trykke avisa på skulen, eller kan de lage nettavis? På skoleaviser.no finn de eit gratis verktøy for å lage nettavis.

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....



5. klassingane Mathilde Håheim og Mathias Meland Juklestad intervjuar ordførar Hans-Erik Ringkjøb på Voss, i spalta Badnateigen i avisa Hordaland. «Vert fleire skular lagde ned», og «trur du det kjem tidsmaskinar i framtida», var mellom spørsmåla. Foto: Ingerid Jordal, avisa Hordaland.

Om de har høve kan de også lage video!

FINN AVISUTTRYKKA

Klarar du å finne avisord mellom alle bokstavane? Ring rundt orda.



Avis i skolen er del av Mediebedriftenes Landsforening og gir ut hefte med ønske om at flest mogleg unge vert engasjerte mediebrukarar med god kritisk sans. Tema og oppgåver er i tråd med skulen

sine kompetansemål og skal bidra til å aktualisere undervisninga. Heftet for mellomtrinnet er utgitt i samarbeid med **Landslaget for lokalaviser**. Ansvarleg utgivar: **Mediebedriftenes Landsforening** (2017)

Tekst: Laila Borge og Johannes Bøyum
Foto: Schutterstock og Laila Borge
Design: Melkeveien Designkontor
Trykk: 07 Media AS

ISBN: 978-82-7817-256-8